



Asmund Kåre Rørvik har så langt delt ut over 5 millionar - her til ungdomslaget i Uskedalen ved Håvard Eik

Over 100 lag og institusjonar har søkt om gåve frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad ved utdelinga no i vår. Søknadsfristen gjekk ut 2. april og det skal delast ut 2,5 millionar - den same summen som i fjor haust. Då søkte 90 om 9,5 millionar.

Tildelingen i vår vert tildeling nummer 4 sidan etableringa i 2010 og førebels er 5 050 000 delt ut til gode føremål.

Dagleg leiar Åsmund Kåre Rørvik har enno ikkje rukke å fintella søknadane men konstaterar at 100-talet såvidt er passert. Stiftinga offentliggjør ikkje søkjarlista men Rørvik seier at alle bygdene i dei aktuelle kommunane er representert.

Også Uskedalen har fått ein god andel av desse midlane - sist var det Uskedal Utvikling og skigruppa..Ungdomslaget er også tilgodesett.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Kristian Hus, HusnesNett